

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)

Dato: 20.06.2024

Postboks 5091 Majorstua

Dokumentnummer: 24/2317-2

0301 Oslo

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Morten Rørheim

Høyringsuttale 202312226

Vindafjord kommune har motteke brev 21.05.2024 om høyring av melding om kraftverk i Tongjabekken i Vindafjord frå NVE. Uttalen skal vurdere om kjende allmenne interesser blir påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftsiinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og om vilt. Uttalen har og vurdert planstatus, status i forhold til vassføreskrifta, eksisterande vassuttak eller aktivitetar i vassdrag.

Omtale av tiltaket

Minikraftverket er planlagt i Tongjabekken i Vindafjord kommune. Inntaket er planlagt på kote 164 og vil danne eit magasin på ca. 80 m³. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 710 m langt nedgrave røyr. Kraftstasjonen er planlagt på kote 74 og vil vere eit bygg på ca. 20 m². Nedbørsfeltet er 2,2 km² med middelvassføring på 170 l/s. Alminneleg lågvassføring er i NEVINA berekna til 2,2 l/s. Det er planlagt slipp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Kraftverket vil ha ein Pelton turbin med maksimal effekt på 300 kW. Årleg middelproduksjon vil vere om lag 1 GWh og kraftverket skal gje straum til eigen gard. Overskotskraft vil bli selt ut på kraftnettet og gje tilleggsinntekt til garden.

Vår uttale

Kommunen vurdert ovannemnte allmenne interesser og har ingen merknader til tiltaket.

Med helsing

Thomas Vestbø
einingsleiar for areal og forvaltning

Morten Rørheim
Rådgjevar landbruk

Dokumentet er godkjent elektronisk.